



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:
2015/060296-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.05.2015

Uttale til dispensasjonssak - Avkjørsel gnr. 79 bnr. 21 Tjore Nedre - Dispensasjonssak tomannsbustad - Radøy

Statens vegvesen viser til dispensasjonssak på gnr. 79 bnr. 21 som er sendt oss til uttale. Saka skal behandlast etter plan- og bygningslova (pbl). Statens vegvesen har i følgje pbl § 19-1 høve til å gje uttale i saka ettersom tiltaket er knytt til fylkesveg 565. (Vår referanse: hp 2, km 6,407).

Det er søkt om oppføring av tomannsbustad på gnr. 79 bnr. 21. Tiltaket ligg i eit område som er regulert i reguleringsplan for Austmarka Øvre. Det er søkt om dispensasjon frå rekkefølgekravet om at infrastruktur og vegar skal vere på plass før det vert gjeve byggjeløyve.

Vurdering:

Statens vegvesen rår til at kommunen føl opp rekkefølgekravet. Det er planlagt ei større utbygging i området og rekkefølgekravet er sett mellom anna for at det skal vere trafikksikre løysingar for mjuke trafikkantar både i, og til og frå planområdet. Dersom kommunen vel å gje dispensasjon vil det vere vanskeleg å følgje opp rekkefølgekravet ved neste søknad om byggjeløyve. Vi meiner då at det er ein reell fare for at det på sikt ikkje vert tatt tilstrekkeleg omsyn til trafikktryggleiken.

Dersom kommunen vel å gje dispensasjon, må likevel avkøyrsla byggast i samsvar med reguleringsplanen og i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker. Vi må då få tilsendt ein teknisk plan som viser at avkøyrsla stettar våre krav.

Konklusjon:

Statens vegvesen rår frå at det vert gjeve dispensasjon frå rekkefølgekravet som nemnt over, for å sikre at utbygginga av området tar tilstrekkeleg omsyn til trafikktryggleik.

Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik

sjefsingeniør


Kari Elster Moen
overingeniør

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks: